

# VEG OG VIRKE

BEDRIFTSBLAD FOR  
STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL

Nr. 1

Mars 1990

18. årg.





# VEG OG VIRKE

BEDRIFTSBLAD FOR  
STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL


## INNHALD:

Vegsjefen har ordet .....	3
Fakta om bru- og ferjekaiseksj. ....	4
Oppedal – en seier .....	5
Med Basen på «tokt» .....	6-7



Ass. båtfører  
Terje Male  
på Basen.  
Se s. 6 og 7

Rekordraskt samband .....	8
Brubygging .....	9
Nedlagte ferjekaier .....	10
Bru- og ferjekaivedlikehald .....	11
Kyststamvegen .....	12
Anleggsåret 1990 .....	13
Asfaltpris .....	14
Opning parsell rv14 .....	15
Steinfest på Eide .....	15
Opning Gurskøy vegstasjon .....	16-17
Anbudsopting på KRIFAST .....	18
Flytebru i 100 år .....	19
Presentasjon av T-8 .....	20-21



Gurskøy veg-  
stasjon ble  
opna med  
pomp og prakt.  
Se s. 16 og 17

Kontaktmøte på Sunndalsøra .....	22
Personal .....	23
Nyttig vegbygging .....	24
Trafikkstoff .....	25
Bedriftshelsetenesta .....	26
Bedriftsidrett .....	27
Nye rastebord .....	28
Verneleiaren .....	29




Pokerfjesene  
Knut Engdahl  
(t.v.) og Jan  
Rødal under  
anbuds-  
opninga.

Personal .....	30-33
Kryssord .....	34-35
Pressemeldinger m.m. ....	36-38

Vegsjefen har ordet:

# Rassikring av E69



Jord- og steinraset som 20. november 1989 stengte riksveg E69 ved Innholmen, mellom Innfjorden og Veblungsnes, krevde eit ungt menneskeliv, skapte store ulemper for trafikantane og førte til mykje ekstra arbeid og store utfordringar for Vegvesenet i fylket. Det viste seg etter kort tid at vi denne gongen ikkje berre kunne rydde raset og setje trafikken på igjen. Oppe i rasgropa låg det nemleg att mykje masse som på overkommeleg måte ikkje let seg fjerne. Med denne trusselen hengjande over hovudet fann vi det uforsvarleg å tenkje på snarleg opning av hovudvegen inn og ut av fylket.

## Nye ferjekaier

Vi kom og snart til at det mellombelse ferjesambandet Vikebukta-Åfarnes var eit for dårleg og dyrt tilbod til trafikantane for ein lengre tidsperiode. Vidare trengte vi noko tid til å vurdere og finne beste løysinga på lengre sikt.

Dette førte til avgjerda om bygging av to mellombelse ferjekaier i Innfjorden og på Åndalsnes. Igjen viste vår ferjekaiseksjon sin styrke, kunnskap og innsatsvilje. Etter rask, men likevel grundig planlegging kom byggjearbeidet i gang mot midten av desember 1989 og den 5. januar 1990 vart det nye ferjesambandet med to nye ferjekaier tatt i bruk etter tre vekers byggetid. Det kan ikkje vere tvei om at det her vart sett Norgesrekord som det blir vanskeleg å slå.

Med dette som bakgrunn vert det lettare å skjone at vi har folk og kompetanse som i høg grad har vist seg i stand til å ta opp konkurransen også i andre fylke med dei største anleggsentreprenørane i landet.

## Planlegging av ny og sikker vegtrasé

På vegplanen for perioden 1990-93 er til rådvælde om lag 93 mill. kroner til rassikring mellom Innfjorden og Åndalsnes. Desse midlane var tenkt til bygging av ein vel 2 km lang tunnel mellom Runehammertunnelen og Gridsetskolten, samt noko overbygg og andre tiltak. Etter raset vart desse planane tekne opp til ny vurdering. Vi stilte igjen spørsmålet om dette ga full tryggleik og var den beste løysing på lengre sikt. Den gamle idéen om veg frå Innfjorden til Isterdalen dukka og opp på nytt.

Vi kom snart til at det var behov for ny gjennomgang av alle planar når det no måtte satsast så store beløp. Dette var ei hastesak som det måtte setjast inn store ressursar på å få løyst på kort tid. Difor vart det ved vegkontoret oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe med folk frå plan, anlegg, vedlikehald og laboratorium som gjekk laus på arbeidet.

Dei arbeidde raskt og effektivt og i slutten av januar var den første utgreinga klar med konklusjon om alternativval. Den såkalla alternativ 3 med ein 6 km lang tunnel frå Gridset i Innfjorden til Skafonntunnelen peika seg klårt ut i høve til det andre attståande alternativ 4, som er tunnel frå Gridset til Isterdalen og vidare ny veg og nye bruar over Istra og Rauma. Dei tre andre alternativa som vart utgreidd fall,

av ulike årsakar, ut under den vidare prosessen.

Ei kort samanlikning av alle fem undersøkte alternativ kan kort oppsummerast med slik konklusjon:

1. Berre alternativa 3 og 4 gir full rassikring i første byggjesteg. Ut frå dette meiner vi det er riktig å sjå bort frå alle andre alternativ. (Alternativ 5 er uaktuelt på grunn av arealkonflikt i Innfjorden).
2. Samanlikning mellom alternativa 3 og 4 kan kort uttrykkest slik:
  - a) Alternativ 3 er i 1. byggjesteg 45. mill. kroner rimelegare enn alternativ 4 (40 mill. kroner ved full utbygging).
  - b) Alternativ 3 er best for om lag 3/4 av trafikantane og gir totalt sett dei lågaste tids- og kjørekostnadene.
  - c) Alternativ 3 gir den langt enklaste og hurtigaste plan- og grunnløysingsprosess.

Samferdselsutvalet i fylket hadde alternativvalet oppe i møtet den 7. februar 1990. Etter lange og grundige drøftingar fekk alternativ 3 samrøystes tilslutning. Dette alternativet har og fått overveldande tilslutning under tre større møter med ulike brukarinteresser.

Spørsmålet om alternativval er i skrivande stund (februar) ute til uttale i andre høyringsorgan i fylket.

Vi reknar med at Vegdirektoratet som har det endelege ord når det gjeld alternativvalet får ei lett og enkel avgjerd. Rett nok har og alternativ 4 gjennom Isterdalen nokre tilhengjarar, med Ålesund Handelsforening i spissen. Dei meiner Isterdalslina er mest framtidsetta. Dette er vanskeleg å forstå då dette alternativet er dyrare å byggje, gir større samla tids- og kjørekostnader og får ein langt vanskelegare og meir tidkrevjande plan- og grunnløysingsprosess.

## Finansiering

Det er ikkje å kome forbi at finansieringa av prosjektet vert den vanskelegaste delen å få raskt i hamn slik at arbeidet kan kome i gang. For å gjennomføre første byggjesteg av alternativ 3 har vi behov for 30 mill. kroner meir enn vi har i vegplanperioden 1990-93.

Alle krefter, politisk og administrativt, må no setjast inn for å skaffe desse midlane som eit tillegg til vegplanramma i 1990/91. Sjøl om vi skulle få desse 30 mill. kroner må vi foreta smertefulle endringar når det gjeld tidspunkt for gjennomføring av fleire prosjekt i perioden.

Til rassikring av E69 treng vi alle 125 mill. kroner i 1990 og 1991 for igjen å få opna vegen snarast mogleg. Dette fører til at andre arbeid som var tenkt utført i desse åra må skyvast ut i tid til 1992 og 1993. Om vi ikkje skulle lukkast å få ekstramidlar vert denne omprioriteringsprosessen endå mykje vanskelegare. men når vi stiller prosjekt for prosjekt opp mot å få sikra E69 slik at den igjen kan opnast for trafikk har vi vel knapt eit einaste som ikkje må vike plass.

E. Vollset

### Redaktør:

Odd Williamsen

### Journalistisk utførelse, samt layout:

Viktor Storsveen

### Redaksjonsutval:

Oddbjørn Pladsen, anlegg  
Berit Ingebrigtsen, plan  
Terje Haug, administrasjon  
Magne Veiset, drift

Utgitt av Statens vegvesen  
Møre og Romsdal  
Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58 000

Opplag: 2500

**Ettertrykk anbefales,  
men angi kilde.**

### Forsida:

Her ser vi fire av menneskene ved Oppedal ferjekai foran betongtobben: Fra venstre: Steinar Brevik, Hustad, Arnfinn Karlsson, Langevåg, Kristen Leikarnes, Vikebukta og Arvid Engkrog, Skodje.

(Foto: Viktor Storsveen).

### Sats og trykk:

EKH trykk Molde



Fra venstre: Per Åge Brevik, Leonhard Dahl, Per Korsbrekke, Tore Witsø, Arne Hoem og Halgeir Brudeseth tar gjerne opp konkurransen over fylkesgrensene. (Foto: Viktor Storsveen)

### Seksjonsleder Tore Witsø:

# – Vi har ressursene!

Vi har de menneskelige og maskinelle ressursene som skal til for å bygge ferjekaier og også bruer. Det vi har gjort ei tid nå er at vi forsøker å gå aktivt ut i andre fylker for å skaffe oss

arbeid, slik at vi kan utnytte de ressursene vi har bygget opp. Dette sier seksjonsleder i bru- og ferjekaiseksjonen i vegvesenet i Møre og Romsdal, overingeniør Tore Witsø.

Bakgrunnen for uttalelsene er det faktum at bevilgningene over statsbudsjettet er svært ujevne når det gjelder midler til bru- og ferjekaibyggning i eget fylke. Rike tradisjoner gjør imidlertid at Vegvesenet i Møre og Romsdal etter hvert har bygd opp en svært slagkraftig seksjon på dette området. Også maskinelt er etaten godt rustet til å ta på seg oppdrag som kommer.

Men nettopp fordi det i perioder ikke er nok å gjøre her i fylket, har bru- og ferjekaiseksjonen i stedet valgt å gå ut og kjempe om oppdrag i andre fylker. Både i Trøndelag-fylkene og i Sogn og Fjordane, har seksjonen de seneste årene fått mange anlegg, små og store!

– Vi får stadig påminnelser fra Vegdirektoratet om å bli flinkere til å utnytte de ressursene vi har og også se over fylkesgrensene etter oppdrag der. Og egentlig er det vel det vi gjør, fortsetter overingeniør Tore Witsø. – I tillegg til at vi får utnyttet ressursene våre, vet jeg også at arbeiderne våre ute på anleggene setter stor pris på at de har jevnt med arbeid året igjennom.

– I tillegg er det samfunnsøkonomisk riktig at vi tar jobber utover fylkesgrensene fremfor å la deler av seksjonen ta pause i de roligste periodene, sier Witsø.

### Fakta om bru- og ferjekaiseksjonen

Bru- og ferjekaiseksjonen er underlagt anleggsavdelinga. På Vegkontoret består seksjonen pr. i dag av seks personer. Seksjonsleder er overingeniør Tore Witsø. Ellers finner vi avdelingsingeniørene Per Åge Brevik og Halgeir Brudeseth som i hovedsak arbeider med oppgaver innenfor brubygging og andre betongarbeider. Overingeniør Per Korsbrekke og oppsynsmennene Leonhard Dahl og Arne Hoem står i hovedsak for ferjekaioppdragene både her i fylket og i andre fylker.

Selv om ledelsen for seksjonen utvilsomt holder et høyt faglig nivå, hadde det likevel blitt lite bru- og ferjekaibyggning om det ikke i tillegg hadde vært en entusiastisk og dyktig gjeng i utedriften. Her finner vi i øyeblikket 40 mann, der av avdelingsingeniør Per Austnes og oppsynsmann Richard Lunheim. Ellers har seksjonen befaring med diverse større broprosjekt gjennom planlegging, byggedelse og annen oppfølging.

# Viktig seier på bortebane!

Klokka 12.00 mandag 18. september i fjor høst skrev bru- og ferjekaiseksjonen i Statens Vegvesen Møre og Romsdal historie. I nært samarbeid med vegvesenet i Sogn og Fjordane hadde man for første gang vunnet en åpen anbudsrunde i et annet fylke i konkurranse med private

entreprenører. Det var Oppedal ferjekai på riksveg 14 sør for Sognefjorden, som var lyst ut på anbud og hele 11 entreprenører deltok i konkurransen, deriblant alle de store på området her til lands.

Den driftige anleggsgjengen fra Møre og Romsdal arbeider raskt og presist og slik det ser ut foreløpig, vil det også vise seg at de økonomiske anbuds kalkylene var bygget på sunn forretningsdrift og at de private entreprenørene så langt der i fra ble jekket ut av prosjektet på grunn av Statens midler.

I alt ni arbeidere har vært i sving på Oppedal ferjekai. I tillegg leies det inn dykker som tar seg av arbeidet under vann. De som har bidratt til at framdriften ved Oppedal går etter programmet har foruten ledelsen ved Vegkontoret, vært følgende: Steinar Brevik, Sigmund Skjegstad, Per Åkernes, Oddmund Tangen, Malvin Ness, Arvid Engkrog, Kristen Leikarnes, Arnfinn Karlsen og Oscar Einarsson.

For trafikkantene vil den nye ferjekaia bety stor forbedring i forhold til sambandet Lavik-Brekke som nå tar en halv time. Da sambandet Lavik-Oppedal står ferdig i juni, betyr det nedkortet ferjetid med nær en tredel.



Bildet: Øverst ser vi Arvid Engkrog og Steinar Brevik i tett snøvær med ammunisjonskassa. Under til venstre: Oppsynsmann Arne Hoem på anleggskontoret på Oppedal. Under til høyre: Oppsynsmann Leonard Dahl og Steinar Brevik på det medbrakte verkstedet som gjør at arbeidsgjengen er selvhjulpne. (Fotos: Viktor Storsveen).

# Trivsel viktig for arbeidsinnsatsen!



«Basen» er en av de sentrale elementene i en del av den virksomheten som bru- og ferjekaiseksjonen driver. Den ombygde bilferja dekker svært mange funksjoner. På innsiden skjuler det seg alt som hører med for å skape hjemme-

kos og trivlig miljø for de som skal ha båten både som sin arbeidsplass og ikke minst som sitt hjem i lange perioder. Det er et meget erfarent mannskap som utgjør arbeidslaget på dagtid og kameratgjengen på kveldstid.

Uten kameratskap «overlever» man ikke en slik tilværelse, ofte milevidt hjemmefra. Seks mann har sitt arbeide og hjem på Basen. I tillegg til helgene, er det fri hver sjettede uke. Resten tilbringes ombord eller i umiddelbar nærhet av Basen. Da vi besøkte Basen, var man i full gang med å bygge om ferjekaia på Balestrand i Sogn og Fjordane.

Vi var heldige og kom akkurat da middagen skulle inntas og vi kan skrive under på at kokken ombord, Alf Myrstad, kunne kokekunstens ABC. En nydelig gryterett og sjokoladepudding med vaniljesaus til dessert!

I messa ved siden av fant vi behagelige stoler, her var TV, video og det som skal til for å gjøre døgnet nærmest mulig det en ellers opplever når man får bo hjemme.

Sju enkeltlugarer, gir hver enkelt av mannskapene muligheten til et privatliv midt oppe i det sosiale livet som mannskapet opplever uke etter uke.



Kokk Alf Myrstad lar her formann Magne Bø forsyne seg av matgryta.

(Foto: Viktor Storsveen)



Alf Myrstad på lugaren. Her lider man ingen nød.

(Foto: Viktor Storsveen)



Heller ikke på messa er det noen som har grunn til å klage på komforten.

(Foto: Viktor Storsveen)



Basen i aksjon utenfor Balestrand. Det faste mannskapet er: Magne Bø, Bøfjord, Jostein Sandnes, Åfarnes, Alf Myrstad, Molde, Robert Strømmen, Skodje, Terje Male, Vikan og Kjell Sandnes, Åfarnes.

(Foto: Viktor Storsveen)

# Med «Basen» på nye tokt

Basen var opprinnelig ei bilferje. I 1977 kjøpte Statens vegvesen ferja, som da het Årvik fra MRF, og bygde den om slik den står i dag. Det er Vegsentralen på Årø som eier Basen, og den leies sammenhengende ut til bru- og ferjekai-

seksjonen som beskjeftiger Basen og mannskapet etter alle kunstens regler. I skrivende stund er Basen opptatt i Balestrand og en lang rekke oppdrag venter på Basens tjeneste.



Båtføreren ombord er Jostein Sandnes. Han loser Basen og mannskapet trygt fra havn til havn. Etter Balestrand, blir neste stopp Fjærland og deretter er det Ryskjedalsvik, også det i Sogn og Fjordane, før en rekke oppdrag i Møre og Romsdal står for tur.

Basen kostet omlag 1,5 millioner i sin tid. Oppsynsmann Leonhard Dahl slår fast at Basen spiller en betydelig rolle

for økonomien i de oppdragene den blir benyttet i. Desto kortere oppdragene er, desto mer lønnsomt er det å benytte Basen. Bli oppdragenes varighet på mer enn tre måneder kan man vurdere alternative løsninger, sier Dahl.

Basen er 25 meter lang og har en Caterpillar dieselmotor som yter 260 hester. Det finnes i tillegg til fasilitetene vi har nevnt, også verksted og lager ombord. Videre er basen utstyrt med ei kran som har en kapasitet på 36 tonnmeter, den har rammeutstyr for pelling og den har eget strømaggregat og kompressor.

Ass. båtfører Terje Male loser Basen da Sandnes har fri.

(Foto: Viktor Storsveen)

# Kjempeinnsats bak rekord-rask ferjekaiutbygging!



Her ser vi tre av de mange som fortjener stor honnør etter vel utført arbeid. Fra venstre: Per Dyrli, Martinus Gautvik og John Amundsgård. (Foto: Viktor Storsveen)

**E69 har gjennom alle år trukket til seg mye av oppmerksomheten innenfor riks- og fylkesvegnettet i Møre og Romsdal. Fra tyskerne fikk**

Parsellen Innfjorden-Åndalsnes er ersatt av et midlertid ferjesamband, mens den permanente ombyggingen av E69 finner sted. Takket være en stor arbeidsgjeng som virkelig ville demonstrere sin erfaring og dyktighet, sammen med stor ekspertise på Vegkontoret, bygget man ferjesambandet som trolig hører hjemme i «Guinness rekordbok». 17 arbeidsdager benyttet Vegvesenets folk på de to midlertidige ferjekaiene, som har kapasitet til å ta i mot 50-bilers ferje.

Også en stikkveg på 60 meter i Innfjorden stod ferdig til åpningen som skjedde 5.

januar. Her bruker man for øvrig E69 som oppstillingsplass, mens man i Åndalsnes benytter det eksisterende industriområdet på Øran.


Vi nevner her en del av de som fortjener honnør for innsatsen ved siden av Vegkontorets folk: Oppsynsmennene Per Brandli og Per Løvik. Per Dyrli, Einar Strand, Terje Norli, Martinus Gautvik, Reidar Aandal, Arnstein Heilevang, John Amundsgård, Palmer Orset, Kåre Hansen, Olav Nyhagen, Per Fiva, Jørgen Sigersteth, Arne Lønsethagen, Tor Inge Kleivenes, Reidar Havnen, Michel Kosberg, Jon Thoresen og Leif Vold.

**bygget deler av vegen under krigen, har det gått mangt et ras. Nå er vegen stengt for alltid ved Innholmen!**



De konstaterte på «Jomfruturen» at alt fungerte. Fra venstre: Konsulent Leiv Heggstad, adm. dir. i MRF, Olav Smørdal og oppsynsmann Leonhard Dahl. (Foto: Viktor Storsveen)





Full aktivitet i forbindelse med byggingen av Syltebo bru i Eresfjord.

(Alle fotos: Viktor Storsveen)

# Allsidige betongarbeidere

Det er en gjeng med allsidige betongarbeidere som bru- og ferjekaiseksjonen råder over. Mesteparten av arbeidet som utføres i egenregi er bru- og kulvertarbeider, men det er også en god del støttemurer, portaler i tunneler og raso-verbygg som står på programmet. Og stort sett alt dette planlegges fra bru og ferjekaiseksjonen ved Vegkontoret.

Seksjonen forsøker å drive i egenregi på alle arbeider opp mot 8-10 millioner kroner. De større bruene går ofte til private entreprenører. Bru- og ferjekaiseksjonen vurderer å regne på egne anbud der det ligger til rette for det.

Som det framgår av dette, er det svært allsidige arbeider som anleggsarbeiderne utfører. I stor grad er seksjonen selvhjulpne når det gjelder forskalingsutstyr for de forskjellige arbeidene. Dette er lagret på Vegsentralen når det ikke er i bruk. Her blir det vedlikeholdt etter alle kunstens regler av Michel Kosberg. Samme mann sørger også for oppkut-

ting og bøyning av armeringsjernet som leveres gjennom Vegsentralen.

Ledelsen ved Vegkontoret forsøker hele tiden å fordele lagene slik at så mange som mulig får bo hjemme, mens de holder på med et anlegg.

Veg og Virke har vært innom på to av de større arbeidene som pågår i forbindelse med brubygging akkurat nå. Både Syltebo bru i Eresfjord og Skorgen gangbru i Vestnes, bygges av Vegvesenets folk.

Bruene på innfartsvegen til Ålesund og på Atlanterhavsvegen, er blant de største seksjonen har bygd.



Fra venstre: Ottar Engkrog, Tor Inge Vestre, Runar Amdam og Johan Inge Amdam.




Anleggsleder Jakob Engeseth ved Syltebo bru.



Magne Nauste og Eivind Toven med betongprover.

## Her finner du ferje- fylkets 49 nedlagte ferjekaier!



**Kart:** Oversikt over ferjekaier i Møre og Romsdal som er blitt nedlagt i perioden 1962-1989. Årstallet for nedleggelsen angir det år ferjetrafikken opphørte på vedkommende kai.

Nr.	Navn ferjekai	Nedlagt år	Nr.	Navn ferjekai	Nedlagt år
1	Kvernes .....	1962	26	Runde .....	1982
2	Brandal .....	1962	27	Tafjord .....	1982
3	Leikong .....	1968	28	Valldal .....	1982
4	Gjemnes .....	1968	29	Rogne .....	1983
5	Ørsnes .....	1970	30	Ålesund, Røysekaia .....	1983
6	Midsund .....	1970	31	Sykkylven, Aure .....	1985
7	Håbet .....	1970	32	Kristiansund, Vågekaia .....	1985
8	Longva .....	1972	33	Helland, Vestnes .....	1985
9	Velsvik .....	1973	34	Ålesund, Skateflua, nord .....	1987
10	Fjørå .....	1974	35	Valderøy .....	1987
11	Torvikbukta .....	1976	36	Ellingsøy .....	1987
12	Stemshaug .....	1976	37	Flatholmen .....	1987
13	Vikan .....	1976	38	Hamnsund .....	1987
14	Vihals .....	1976	39	Ikornnes .....	1988
15	Ulsteinvik .....	1976	40	Giske .....	1989
16	Røyra .....	1976	41	Godøy .....	1989
17	Stoksund .....	1976	42	Ålesund, Skateflukaia, syd .....	1989
18	Berknes .....	1977	43	Ørjavik .....	1989
19	Sandshamn .....	1978	44	Tøvik .....	1989
20	Gullstein .....	1978	45	Straumen, Smøla .....	1989
21	Nordheim .....	1978	46	Kyrhaug, Edøy .....	1989
22	Sundsbo .....	1978	47	Viddal .....	1989
23	Stordal .....	1979	48	Ervik .....	1989
24	Overåneset .....	1979	49	Rendal .....	1989
25	Torvik .....	1982			

# Vedlikehold krever store ressurser!

**Bru- og ferjekaiseksjonen får en stadig større oppgave innenfor vedlikehold. Etter hvert som større bruene og større ferjekaier bygges, utvides det meget ressurskrevende vedlikeholdsansvaret. Inspeksjon og reparasjoner krever stadig større økonomiske uttelling. I dag benyttes 4-5 millioner kroner til vedlikehold i bru- og ferjekaiseksjonen.**

Mest utsatt er utvilsomt de større bruene og ferjekaiene som ligger nærmest kysten, og som dermed er mest utsatt for cloridangrep. Det vil si at armeringa begynner å ruste, som følge av at innholdet av salt er for høyt. Dette kan skje på grunn av dårlig betong eller for liten overdekning av armering.

Derfor legges det i dag stor vekt på å få til en tetttest mulig betong og god armeringsoverdekning. Når infisert betong oppdages, må denne meisles bort, armeringa rengjøres for rust, primes og ny mørtel legges på. Helst i et tjukkere lag enn før. I den grad det er mulig spyles dårlig betong bort med vann under høyt trykk. Det blir også benyttet mye sprøytebetong. Ellers forekommer skader på lager, rekkverk og kjørebane.

Desto hurtigere en skade blir oppdaget og reparert, desto lavere blir totalkostnadene ved bruvedlikeholdet. De største reparasjonsarbeidene blir ofte satt ut på anbud, mens de mindre utføres i egen regi. Det regnes også egenregikalkyler i konkurranse med private entreprenører.

Bru- og ferjekaiseksjonen er nå i ferd med å utstyre og bygge opp en bil (etter svensk modell) som kan forflyttes raskt fra sted til sted etter hvert som behovene melder seg.

Det er også satt i gang et forskningsprosjekt om bruvedli-


kehold, der forskjellige sider skal belyses nærmere.

Avdelingsingeniør Per Austnes og overingeniør Per Korsbrekke er de som jobber mest med vedlikeholdsoppgaver. Ellers er to mann fast ansatt til å utføre reparasjonsarbeidene i felten. Det er Oscar Einarsson og Geir Ove Nesje.

Tilsammen har vi 1500 bruere på riks- og fylkesvegnettet, som inspiseres jevnlig og registreres på EDB.



*Bruinspeksjon på Verjeskiftet bru på Smøla. Avdelingsingeniør Per Austnes befinner seg i kurven. (Foto: Tore Witso)*



*Høytrykksspuling med vann på Rundebrua. Hvert år benyttes 4-5 millioner kroner til vedlikehold på bruere og ferjekaier. (Foto: Tore Witso)*

# Kystens «drømmeveg»!

Etter at de første ideene til en kyststamveg ble lansert i 1986, foreligger nå de første konkrete utkastene for framtidens «drømmeveg»! For alle alternativene som pr. i dag foreligger, er nemlig ikke like lett å argumentere for. Og ofte er det

Vi har da holdt utenfor de deler av Kyststamvegen som går over det da eksisterende KRIFAST-anlegget, som åpnes i oktober 1992. Hvor raskt arbeidet med en eventuell Kyststamveg kan gå, er ikke godt å si. I følge vegsjefen i Møre og Romsdal, Eivind Vollset, er utarbeidelsen av trasealternativene bare første del av et større arbeid som nå skal påbegynnes.

Dette kom fram under en større pressekonferanse Vegkontoret arrangerte i slutten av januar.



Overingeniør Anders S. Moen ved Vegkontoret, sitter midt oppe i arbeidet med Kyststamvegen.

Det som nå skal skje konkret videre er en rekke konsekvensanalyser og utredninger i forbindelse med de eksisterende trasealternativene. En rekke alternativer er utredet langs strekningen Egersund-Trondheim. En ferjefri løsning antydes å komme på nærmere 21 milliarder kroner, mens en «vennligere» løsning følger eksisterende riksveg 14 fra Egersund og til Spjelkavik og videre følger E69 til Furneset i Vestnes kommune, ferje til Molde og videre langs kystvegen til Hjelset, over til Batnfjord, KRIFAST-sambandet og indre alternativ videre nordover til Trondheim. Det vil si ferje over Halsafjorden og videre gjennom Surnadal, Rindal og Orkanger til Trondheim.

Med de tendenser vi i dag ser i vårt samfunn, virker det ikke sansynlig at vi får en hundre prosent ferjefri Kyststamveg. Dette blir ganske enkelt så kostbart at det vil bli store problemer å få et så ambisiøst prosjekt ferdig, mens det fortsatt eksisterer små og store samfunn langs vår varierte kyst.


Faktum er at det i dag finnes 4-5 tverrsamband mellom Vestlandet og Østlandet. Derimot finnes det ikke noe fullgodt samband mellom sørvestlandet og Trondheim langs kysten. I dag finner vi 12 ferjer på denne strekningen og en relativt normal reisetid vil i mange tilfeller være halvannet døgn. Med et skikkelig utbygget stamvegnett, vil reisetiden lett kunne reduseres til ett døgn. Derfor ligger det samfunnsøkonomisk svært store innsparinger på sikt i en skikkelig utbygging av eksisterende samband.

En rekke standardiserte krav er foreløpig utarbeidet for å gjelde det sambandet som skal få status som framtidig kyststamveg. De viktigste kravene er:

- Vegbredde 8,5 meter.
- Dimensjonert for fart på minst 80 km/timen.
- Største stigning 6 prosent for veier mer enn 5000 biler i døgnet.
- Største stigning 7 prosent for veier mellom 1500 og 5000 biler i døgnet.
- Største stigning 8 prosent for veier med mindre enn 1500 biler i døgnet.

Det bor omlag 1,4 millioner mennesker i «korridoren» som er ment å bli betjent av en kyststamveg. I dette området har en også en lang rekke viktige næringer som olje- og gassbasert virksomhet, oppdrettsnæring og flere andre tradisjonelle næringer som

slik at nettopp de dyreste alternativene er de man ideelt sett kunne tenke seg å velge. Bare i vårt fylke vil et ferjefritt samband koste nærmere 5 milliarder kroner å bygge ut.



Dette kartet viser alternativene til Kyststamveg mellom Ålesund og Molde. Som man ser er det snakk om ferjefri løsning helt ytterst, en løsning som koster langt mer enn alternativet som inkluderer ferje Furneset-Molde, som i dag.

ved økt samband med omverdenen kan styrkes ytterligere og fremfor alt gi sårt tiltrengte arbeidsplasser og en desentralisert og miljøvennlig bosetting.

Ved siden av å gjøre rede for traseer og kostnader, vil det nå bli tatt sikte på å utrede konsekvensene for trafikk og transportsystemet i landsdelen, miljø, økonomi og finansiering. Det vil dessuten i samarbeid med ulike forskningsins-

titusjoner bli lagt vekt på å utrede de samfunnsmessige konsekvensene for bosettingen, arbeidsmarkedet, offentlig sektor og næringslivet. Utredningsarbeidet skal i henhold til planen være ferdig til årsskiftet 1990/91.

Anleggssjef Kjell Loen med utfyllende kommentarar:

# Totalt 550,6 millioner til vegbygging i fylket

**Anleggssjef Kjell Loen (bildet) ved Vegkontoret i Møre og Romsdal, gir her en utfyllende kommentar til anleggsdelen i vegløyvingane i fylket. For riks- og fylkesvegane er det sett av 249,6 millioner kroner. I tillegg er det sett av 111 millioner kroner til Skålavegen og 190 millioner til KRIFAST i 1990.**

Den samla statsløyvinga til riksveganlegg for 1990 er 209 millioner kroner. Av dette beløpet går 20 millioner kroner til refusjon for forskott til Nørvesund-Norvevika på E69 og Atlanterhavsvegen. Låneopp- tak/bompengar til KRIFAST og Skålavegen er stipulert til ca 190 millioner og 111 millioner kroner.

Oversikten over planlagt anleggsarbeid i året, ser omlag slik ut:

**E69:** Start på tunnelbygging forbi rasstaden ved Innfjorden. Vi håpar på avklaring om val av alternativ slik at byggestart kan skje snarast råd etter gjennomslag i tunnelen gjennom Nesaksla på riksveg 64 i april/mai i år. Ein foresetnad for dette opplegget er at finansieringa blir løyst tilfredsstillande. Litt etterarbeid vil det bli på parsellane Sjøholt-Apalset og Nørvesund-Norvevika som begge vart åpna for trafikk i 1989.

**Riksveg 14:** Litt etterarbeid på parsellen Skorge bru-Mork bru ved Ørsta. Denne vart og åpna for trafikk i 1989.

**Riksveg 58:** Etter at parsellen Veiberg-Eidsdal ferjekai var ferdig ombygd i 1989 stod det att litt sparte midlar. No «lever vi på Ørten» og har ei svært beskjeden drift i gang med breiddeutviding i Øvstelia.

**Riksveg 61:** Her arbeider vi med full omlegging av siste grusvegparsell på ruta Eidså-Fiskå, samla lengde 6,5 kilometer. I 1989 vart det lagt mellombels dekke på omlag 2 kilometer. Heile parsellen skal være ferdig i haust.

**Riksveg 62:** Vi reknar med ein snarleg byggestart på parsellen Kjelbotn-Remmem i Vestnes sjøl om ikkje alle formalia med plangodkjenning og alle grunnavtaler er i orden.

**Riksveg 64:** Start på driving av tunnel gjennom Nesaksla i februar med gjennomslag i april. Dessuten held vi fram med planering m.v. Vegåpning hausten 1991.

**Riksveg 71:** Vi har 30 mill. kroner til disposisjon for bygging av veg og bru over Valsøya til Stokke. Hovudplan er utarbeidd men ikkje godkjent. Planarbeid og grunnløyving må gå meir enn glatt om i det heile skal være moeleg å starte arbeidet i år.

**Riksveg 661:** Det blir halde fram med planeringsarbeid og istandsetting på parsellen Fiksdal-Juvika.

**Riksveg 680:** På Tustna vart parsellen Tømmervåg-Linvågen gjort ferdig i 1989. Utenom programmet vart det penetrert omlag ein kilometer vidare frå Linvågen mot Leira, og her blir det lagt fast dekke i år.

**KRIFAST:** I 1989 vart det arbeidd på dei fire arbeidsavsnitt: Veg på Frei, Bergsøya, Aspøya og fastdelen på Gjennessundet bru. Arbeidet her vil halde fram for fullt. I tillegg blir det byggestart på Freifjordtunnelen, Bergsøysundet bru og hengebrudelen på Gjennessundet bru, som dels blir prefabrikert.

**Skålavegen:** Her vil arbeidet halde fram for fullt på alle arbeidsavsnitt, med Fannefjordtunnelen (gjennomslag i sommer) og Bolsøybrua som dei største oppgåvene.

## FYLKESVEGENE

Til fylkesvegbygging har vi fått 31,2 mill. kroner frå fylket og 9,4 mill. kroner frå staten. Av staten sin del skal 7,9 mill. kroner gå til forsterkning på flere vegruter og 1,5 mill. kroner skal gå til rassikring på fylkesveg 40 i Dalsfjorden og fylkesveg 65 Festøy-Standal.

Fylket skal løyve like store beløp til desse formåla.

Fylket har innafor ramma (31,2 mill. kroner) sett av beløp til: Aksjon skuleveg og handikaptiltak, anlegg med 50 prosent kommunedel, handlingsplan for trafikktryggleik, kartlegging, grunnoppmåling og kyststamvegutvalet.

Forsterkningsarbeida, der også staten tek del med løyving, gjeld vegrutane: Lauvstad-Folkestad (4,1 mill.), Fyrde-Bueide (1,0 mill.), Straumsgjerde-Gjævenes (1,2 mill.), Slyngstad-Skjelten (2,5 mill.), Lerheim-Nordvik (3,2 mill.), Aukra fk-Rindarøy (1,3 mill.), Hellebrua (1,3 mill.) og Moldegård-Godssentralen (1,2 mill.). Dette gir en sum på 15,8 millioner kroner.

Utbedring, ombygging, fullfinansiering blir det på desse anlegga:

**Fv21:** Koparstad-Kvalsvik (1,0 mill.) Rassikring i Kvalsvikstranda og Teigestranda.

**Fv15:** Leikong-Vollnes (1,8 mill.). Ny bru og dekkelegging frå kryss rv61 ca 700 meter.

**Fv45:** Volda-Ørsta grense (1,3 mill.). Utbetring og gang/sykkelvegbygging på parsell mellom Sjukehuskrysset og kommunal veg til Brattebergfeltet.

**Fv65:** Festøy-Standal-Trandal (2,3 mill.). Det skal byggast ny ferjekai på Trandal. Fullføring i 1991.

**Fv71:** Straumgjerde-Gjævenes (1,1 mill.). Halde fram med ombyggingsarbeid mellom Stave og Jarnes.

**Fv73:** Aure-Løset (1,5 mill.). Bygging av omlag 350 meter fylkesveg og gang/sykkelveg frå kryss rv 60 i samsvar med reguleringsplan.

**Rv107:** Skodje grense-Kverve (0,5 mill.). Det skal leggest fast



dekke på Grimstad-Eidsvågen der arbeidet tidlegare var avslutta med penetrering.

**Fv131:** Ytterland-Gjøsund (1,1 mill.). Det skal byggast gang/sykkelveg på ein del av strekningen Valderhaugstrand-Skjong. Delfinansiering frå Giske kommune.

**Fv146:** Slyngstad-Skjelten (1,05 mill.). Vegomlegging mellom Jogarden og Terøyvegen.

**Fv212:** Finnøy-Ona (1,0 mill.). Refusjon til Sandøy kommune for arbeid på veggen ved Ona hamn, støypt brystvern og fast dekke på molo.

**Fv228:** Jendem-Aureosen (0,75 mill.). Fullføre ombygging av kort parsell i Aurekleiva.

**Fv313:** Løykjebakken-Gikling (0,6 mill.). Løyvinga går til fullfinansiering av ein 2,8 kilometer lang parsell der arbeidet vart fullført i 1989.

**Fv362:** Hendset ferjekai (0,7 mill.). Restfinansiering for bygging av betongpir m.v. på ferjekaia som no har trepir.

**Fv390:** Sjøgata-Sevoll (0,6 mill.). Breiddeutviding i smal og krapp kurve ved Slinningen.

**Fv403:** Moldegård-Godssentralen (1,0 mill.). Opprusting, forsterking og bygging av fortau.

Alf Idar Småge om val av dekketype som verkemiddel mot støy:

# Støy viktig ved val av dekke

I St.m. om NVVP 1990-93 er det lagt mykje meir vekt på miljøproblema som vegtrafikken fører med seg enn i tidlegare vegplanar. Der-

Eit slikt verkemiddel er bruk av støysvake dekke, her i tydinga drensasfalt. Dette er asfalt med stor porevolum (kan vere over 20%) som verkar dempende på både dekk- og motorstøy, mest ved stor fart. Effekten kan vere opp til 8dB(A) reduksjon ved høg fart. Om lag 5dB(A) skal vere relativt lett å få til. Effekten minskar med tida, truleg fordi holrommet minskar på grunn av tilsmussing frå piggdekkslitasje og

strøing. Her i fylket har vi mykje vegar med ÅDT mellom 1000 og 3000 kjt, og dermed moderat piggdekkslitasje og tilsvarande lite tilsmussing. Ofte er det spreidd randbusetnad langs desse vegane som gjer det vanskeleg å få til samanhengande skjermingstiltak. Støysvake dekke kan derfor truleg vere eit godt verkemiddel på slike strekningar. Det vert påstått at drensasfalt er like slitesterk som van-

leg tett asfaltdekke. I NVVP er det sagt at støybelastning over 65dB(A) over lang tid er helseskadeleg. Ei grov samanstilling av dekkelleggingsprogrammet mot støyregistrering langs riksvegane i fylket viser at om lag 200 bustader med over 65dB(A) kunne få redusert støy ved val av støysvakt dekke på dei strekningane som skal asfalterast i 1990. Framstilling av drensasfalt er etter det eg har forstått

avhengig av asfaltverk med satsvis blanding. Av asfaltverka i fylket er det verket i Bingsa som nyttar dette prinsippet. Det vil avgrense den praktiske moglege bruken til «nedslagsfeltet» for dette verket.

Eg meiner støy bør bli eitt kriterium for val av dekketype ved utarbeiding av dekkeplanar, og at det vert sett igang forsøk med støysvake vegdekke i fylket.

## Asfalt-arbeidere med topp håndverk

– Asfalt er på mange måter toppen på kransekaka, sa blant annet driftssjef Paul Bølset da han ønsket velkommen til den svært vellykkete asfalt-seansen på Alexandra Hotell i Molde 17. januar. 1. laget til Nodest Vei A/S ble etter nøye etterkontroll kåret som sommerens beste leggelag på Møre og Romsdals vegar, seks poeng foran Hesselberg Vei og de to lagene fra Vegvesenet.

Om Nodest Vei gjennom denne seieren ble gitt grunn til å slå seg på brystet, stakk det nok litt i følelsene at bedriftens 2. lag ble desidert sist og vel knapt nok holdt mål. Det faktum forringer likevel ikke inn-satsen til de fem på vinnerlaget som hadde all grunn til å fryde seg over det historiske diplom, flosshatt, champagne og blomster.

Dette er nemlig første gang i landssammenheng at det blir tatt initiativ til å sette dette håndverket i fokus. Det er overingeniør Geirmund Nordal ved Vegkontoret i Møre og Romsdal, som har klekket ut denne ideen, som ble svært godt mottatt. Vi er ikke et øyeblikk i tvil om at kampen om «Årets Leggelag» i inneværende år vil gi skjerpet konkurranse og dermed høyne nivået blant de konkurrerende leggelagene enda et hakk.

Det skal vel også tilføyes at ikke alle leggelag er like hel-

dige med værforholdene til en hver tid her på Nordvestlandet.



«Årets leggelag». Foran fra venstre: Eddy Bjørnar Bjerkelund, Jim Robert Bjerkelund og Frank E. Bjerkelund, alle fra Frei. Bak fra venstre: Formann Oddvar Larsen og basen Tore Larsen fra Skjeberg. (Foto: Viktor Storsveen).



Regionsjef Kjartan Eimhjellen i Nodest satte stor pris på kåringen av «Årets leggelag».

# Rundkjøringsfest på Eide

– Vi er glad for å få gjøre samfunnsnyttig arbeid kombinert med at vi kan lære vårt fag, sa steinmannen Oddbjørn Silseth da steinfagskolen ble behørig feiret for sin medvirkning til at rundkjøringen på Moa i Fræna har fått sitt helt karakte-

ristiske preg, med steinfaglige arbeider i stil med distriktets særpreg. Under «takkefesten» på Eide Gjestegiveri benyttet Vegvesenet anledningen til å takke for samarbeidet og resultatet.

Til stede var steinfaglinjens elever, lærere og ledelsen for Fræna videregående skole. Oddbjørn Silseth, en av grunnleggerne for steinfaglinjen, fortalte Vegvesenets folk om hva som lå bak arbeidet med den steinfaglige dekorasjonen av rundkjøringen, og han antydde at prisen ikke ville bli helt «ubeskjeden» om man skulle betalt markedspris for det som er utført.

Torstein Mo, den entusiastiske pådriveren i lokalmiljøet ga de tilstedeværende et historisk gløtt, og i humoristiske vendinger fortalte rundkjøringens far om hvordan det hele gikk til. Opprinnelig kunne ikke bilistene fra Fræna og Eide enes om hvem som burde ha stoppeplikt for hvem, og da Torstein Mo i sin tid la frem forslaget om rundkjøringen, ble det fart i sakene.

Ideen til å dekorere rundkjøringen i stein, fikk Mo da han observerte «industriavfall» fra



Her ser vi en del av de elevene som har hentet økte steinkunnskaper gjennom steinfaglinjen ved Fræna videregående skole. Lærerne foran fra venstre er: Erling Nerland, Per Gunnar Silseth og Jon Ugelstad. (Foto: Viktor Storsveen)

steinindustrien, som han mente kunne nyttes bedre. Etter stemningen blant ledelse

og lærere ved steinfaglinjen å skolen og Vegvesenet til gjentagelse. frister det samfunnsnyttige samarbeidet mellom

## Ny parsell på riksveg 14

Uten gjallende fanfarer, presse og «konditionerte», ble parsellen Mork bru – Skorge bru på riksveg 14 åpnet 29. november klokka 10.00. Åpningsseremonien fant sted på hvilebrakka med kaffe og marsipankake.

Den gamle vegen har vært av heller dårlig forfatning og spesiell problematisk for tynge kjøretøy, så derfor var det mange blide fjes å se blant trafikkantene allerede første dagen. Driftsmessig har anlegget gått uten store vanskeligheter. På grunn av de store nedbørmengdene har det vært problemer å ta vare på ønsket mengde av de massene som ble frigjort.

Fra sidetak i fjellet, nær parsellen, ble det tatt ut steinmasse for å dekke opp det

som på grunn av mye nedbør måtte deponeres. «Knusaren» gjorde en god jobb med å produsere ca. 10 000m<sup>3</sup>. Resten ble dekket opp av entreprenører.

Som bærelag ble det valgt «skummagrus». En del av tilslaget var fra produksjonen fra forsterkningslaget. Det som manglet ble levert fra lokal entreprenør. Nå venter en kritisk gjennomgang av anlegget med hensyn til plan/utført, organisasjon/drift og kostnad/tid.



Fra festen på hvilebrakka. Fra venstre: Dagfinn Rotevatn, Arnold Hustad, Ingvald Skrede, Arne Lauvrak, Jan Arild Johansen og Torstein Skrede. Leidulf Flåskjer, Arne Humberset og Ola Dalebo var ikke til stede da bildet ble tatt.

# Historikarens festtale til ein vegstasjon

**Sjølvsagt har me hatt store dagar i vår lokale samferdselshistorie. Me har opna ferjedrift med jomfrutur på flaggpyrdd ferje, så det lyste over fjordane. Me har opna bruer med folketilstrøyming og fest så det spurdest over kongeriket. Det tok til med ei høgbru i 1953 og heldt fram i 1968 og utover, den eine med kongeleg opning.**

Gjennom ein bolk på 30 år – frå 1953 til 1982 – vart det i vårt område opna 6 storbruer frå Voksa i sør til Runde i nord. Og me hadde endå ein stor samferdselsdag i august 1971: Kystrutestopp i Torvik.

Men *vegane* gjennom bygdene våre frå utkantar til bygdesenter, vegane mellom oss og andre, som me kvar i sær brukar så snart me skal ut om vårt eige tun – *dei* har me ikkje spandert mykje tid til å feste for. Me har sett arbeidarane drive på med nybygging, grusing, asfaltering, grøftereinsing, snøbrøyting og anna som høyrer til, men lite har me tenkt på at det mås ta ein *hjerne* attom alle desse funksjonane, ein sentral for alle desse pulsårane som vegnettet vårt er. Det heng sjølvsagt saman med at denne sentral-funksjonen har vore spreidd på ymse kantar.

